

Årsmøte i Voss Idrottsråd 21.04.2016. Idrottshuset kl.18.00.

Til stades:

Voss idrottsråd: Asle Bergstrøm (leiar), Nils Een (nestleiar), Bent Kvamme (sekretær),
Ingvild K. Bidne (styremedlem) Einar Melve (styremedlem)

Nils Helge Kvamme (Voss kommune), Gunn Berit Lunde Aarvik (Bulken IL), Turid Måge
(Voss IL), Arve Sjøgaard (Voss IL), Nils Inge Haaland (Voss IL)

Sakliste:

1. Godkjenning av frammøtte representantar og fastsetjing av stemmetal
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av møteleiar, referent og 2 representantar til underskriving av protokoll
4. Årsmelding
5. Rekneskap for Voss Idrottsråd 2015
6. Rekneskap for Edvard B. Hegeboms minnefond 2015
7. Budsjett 2016
8. Lovverk for Voss Idrottsråd
9. Retningslinjer for tildeling av LAM-midlar
10. Tildeling av tilskot til trenar- og leiarutdanning frå Voss Idrottsråd
11. Innkomne framlegg
12. Val av styre og revisor
13. Val av valnemnd

1. Godkjenning av frammøtte representantar og fastsetjing av stemmetal

9 frammøtte personar på årsmøtet. Nils Helge Kvamme representerte Voss kommune og hadde ikkje stemmerett. Stemmetalet var såleis 8.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen innvendingar til møteinnkallinga og saklista.

3. Val av møteleiar, referent og 2 representantar til underskriving av protokoll

Møteleiar: Asle Bergstrøm. Referent: Bent Kvamme. Underskriving av protokoll: Turid Måge og Gunn Berit Lunde Aarvik.

4. Årsmelding

Årsmeldinga vart lest av Asle Bergstrøm.

Rehabilitering: Kommentar Arve Sjøgaard: Er det idrettsanlegg som ligg og forfell? Misleghald i forhold til spelemidlar? Viktig at idrettslaga er orientert og fylgjer med.

Edvard B. Hegboms minnefond: Det står no kr. 106 826,38 på minnefondet. Asle Bergstrøm: Er det synspunkt på problemstillinga ang fondet? Arve Sjøgaard: Går det tom så går det tomt. Bør ikkje tilføre fondet frå andre midlar. Gunn Berit Lunde Aarvik: Bør ikkje nytta Voss Idrottsråd sine pengar på dette. Asle Bergstrøm: Kanskje ein kan nytta resten av fondet til heidersprisen (kr. 5000) og overføre utøvarstipendet til kommunen? Arve Sjøgaard: Idrottsrådet og styret har nok den juridiske retten til å ta ei avgjerd på dette. Ein bør fremje ei sak på dette ved eit styremøte eller eventuelt eit årsmøte.

Styret for Voss idrettshall: Retting: Tor Halvor Bjørnstad skal vera Trond Håvard Bjørnstad.

Vossabadet: Asle Bergstrøm: Det har vore bevegelse i saka sidan årsmeldinga var skriva. Men som ein oppsummerande kommentar har inntrykket til idrottsrådet vore at brukarrådet og brukargruppene har vore lite involvert i prosessen omkring Vossabadet.

Årsmeldinga vart godkjend.

5. Rekneskap for Voss Idrottsråd 2015

Rekneskapen for 2015 vart godkjend.

6. Rekneskap for Edvard B. Hegboms minnefond 2015

Rekneskapen for Edvard B. Hegboms minnefond vart godkjend.

7. Budsjett 2016

Kommentar Arve Sjøgaard: Kan det vera ein ide å ha litt på konto slik at ein eventuelt kan vera i stand til å setja i gang eit prosjekt? Det bør også utredast eit spørsmål om møtegodtgjersle for styret.

Budsjettet med kommentar frå Arve Sjøgaard vart godkjend.

8. Lovverk for Voss Idrottsråd

Asle Bergstrøm: Det har vore diverse endringar av lovverket ut frå Idrettsforbundet.

Arve Sjøgaard: Viktig at ein får med årstal på reviderte utgåver.

§ 14: Bør endre punkt b) til **2 representantar frå kvart lag som har stemmerett og stryke «etter skala fastsett av årsmøtet»**. Endre punkt c) til **2 representantar for bedriftsidretten som har stemmerett og stryk «etter skala fastsett av årsmøtet»**.

§ 16: Merknad frå Arve Sjøgaard: For å sikre kontinuitet bør valet ha konkrete instruksar. Han la fram eit skriftleg forslag som det var semje om å tilføre under § 16:

- 1) Vala vert gjord for 2 år av gongen.
- 2) Leiar vert vald for 1 år av gongen.

Den nye lovtæksten med merknaden frå Arve Søgaaard vart godkjend.

9. Retningslinjer for tildeling av LAM-midlar

Kommentar Ingvild K. Bidne: Det verkar som det er uklart omkring tildelinga i forhold til funksjonshemma. Her er det ei misforståing enten med innmelding eller utdeling.

På årsmøtet vart det vedteke at denne uklare stoda bør undersøkjast med NIF. Inntil vidare føreheld me oss til gjeldande regelverk.

10. Tildeling av tilskot til trenar- og leiarutdanning frå Voss Idrottsråd

Tildeling: Bulken IL kr. 10 000, Eldar IL kr. 5000, Fbk Voss kr. 10 000, o-gruppa Voss IL kr. 5000, symjegruppa Voss IL kr. 10 000.

11. Innkomne framlegg

Det var ingen innkomne framlegg.

12. Val av styre og revisor

Valnemnd: Arve Søgaaard, Gunn Berit Lunde Aarvik, Oddny Marie Kolle

Val:

Leiar: Asle Bergstrøm	Voss IL	1 år (på val 2017)
Nestleiar: Nils Een	Ørnar	2 år (på val 2018)
Styremedl.: Johan Gustav Nes	Teakwon-Do	1 år (på val 2017)
Styremedl.: Borghild Haugo Ure	Voss IL	1 år (på val 2017)
Styremedl.: Einar Melve	FBK Voss	2 år (på val 2018)
Styremedl.: Brit Elisabet Dahle	Eldar	2 år (på val 2018)
Varamedl.: Frode Rokne	Viljar	1 år (på val 2017)
Varamedl.: Renate Lunde	Bulken	2 år (på val 2018)
Revisor: Terje Eide	Bjørgum	2 år (på val 2018)
Revisor: Nils Inge Haaland	Voss IL	1 år (på val 2017)

13. Val av valnemnd

Valnemnda Arve Søgaaard, Gunn Berit Lunde Aarvik og Oddny Marie Kolle tek eit år til.

Referent

Bent Kvamme

Turid Måge

Brunde Anill